



Brua i hemre del av Mannsvatnet vart skada av snøen og har lege havarert i nokre år.

No tyder ein stor stolpe som ligg ved brua på at noko snart skal skje og det blir bekrefta av Arne Johannes Haugland.

- Eg har ein slik stolpe til og den nye brua må på plass i haust, lovar Arne Johannes.

Det var beitelaget som laga brua, men den har vore mest nytta av turgåarar med sin strategiske plassering.

- Hvis nokon vil hjelpa til med prosjektet er dei hjarteleg velkomne, seier Arne Johannes, som ikkje ser bort frå ein dugnad.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristian Olav Bringedal